

**Retningslinjer for kommunanes
tildeling av NMSK –midlar Fusa, Os,
Samnanger og Tysnes 2018-2022.**

Retningslinjer for kommunanes tildeling av NMSK –midlar Fusa, Os, Samnanger og Tysnes 2018-2022.

Lov og Forskriftsgrunnlag.

Forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket vart fastsett av Landbruks- og matdepartementet 4 februar 2004 i heimel i skoglova

Formålet med tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne både vert teke var på og utvikla vidare.

Kommunen er pliktig til å utarbeide lokale retningslinjer for prioriteringar av søknad etter § 3 i forskrifta. Det er viktig at skogbruket og skogeigarar frå langsiktige og stabile rammer å drive etter, då skogbruket opererer med lange tidsperspektiv.

Skogbruket har vore ei viktig næring i kommunane Fusa, Os, Samnanger og Tysnes. Mykje av denne skogen begynnar å nærma seg hogstmoden alder. Det har vore planta mykje gran i kommunane våre sidan skogreisningstida begynte for alvor på 50-60 talet. Skogbruk er ei langsiktig næring og tiltak som ein gjer ser ein ofte ikkje noko økonomisk resultat av på 50-100 år. Dei siste 5 åra har hogstaktiviteten auka monaleg, spesielt grunna orkanen Nina i januar 2015. Dette har mellom anna ført til at ein har hogd og planta meir gran i etter 2015 enn det ein gjorde tidlegare. Plantekvantumet har auka utan at tildelingane av tilskot frå staten har auka noko. Av den grunn har rettleiande tilskotsatsar for planting etter hogst av gran redusert frå 70% til 30% i løpet av dei 4 siste åra.

Skogfond er ei ordning kor skogeigar må setja av ein del av brutto inntekta frå hogst og sal av tømmer, det skal setjast av mellom 4 % og 40 %. Desse midlane følgjer bruket og skal nyttast til skogbrukstiltak. Når midlane vert brukt får ein skattefordel på 85 %. Signala frå sentralt hold er at det i hovudsak skal vere skogfond som skal finansiera skogkultur. Det er difor viktig at skogeigarane setter av tilstrekkeleg med skogfond når dei tek ut gran. Ein kan ikkje rekna med at tilskot skal dekkja kostnaden for planting. Skogfond kan og nyttast til andre tiltak i skogen til dømes bygging av skogsvegar.

Ungskogpleie og avstandsregulering er på eit svært lågt nivå både våre kommunar og i Hordaland generelt. Mellom anna rydding av lauv i plantefelt er viktig for å sikra forynging av gran. Vi ønskjer å prioritera slike tiltak ved vår tildeling av NMSK tilskot.

Stormane på vestlandet dei siste åra og skogskader, dei har ført med seg visar at det er utfordringar med å drive skogbruk på den måten vi gjer i dag. Å sjå på alternativ mellom anna ved skjøtsel av lauvskog for produksjon av kvalitetsvirke bør gjerast for å sikra at skognæringa som får fleire bein å stå på. Skjøtsel av lauvskog er tid- og kostnadskevjangande, vi ønskjer difor å prioritera slikt arbeid gjennom vår tildeling av tilskot til skogkultur.

Ein ser fleire plassar at dagens eigedomsgrensar er til hinder for effektivt og berekraftig skogbruk, Fylkesmannen er i gang med eit prosjekt med namn «motiv skog», her er målsetjinga å oppnå eit samarbeid på tvers av eigedomsgrensar, til dømes val av treslag, forynging, hogsttidspunkt og hogstteknikk med meir. Baldersheim i Fusa er eit av pilotområda for dette prosjektet i Hordaland. Målet er at ein kan vidareføre erfaringane herfrå til resten av fylket.

Søknadar om tilskot til vegbygging og tilskot til drift i vanskeleg terreng vert handsamma av fylkesmannen.

Søknadar om tilskot til skogkultur og miljøtiltak vert handsamma av kommunane.

Fylkesmannen har laga Regionalt skogprogram for Hordaland 2013-2017. Denne har mellom anna nokre maksimalsatsar for tildeling av tilskot til skogkultur.

Tilskott kan gjevast til skogeigarar med meir enn 10 da produktiv skog.

Tiltaksdel

Kommunens prioriteringar av NMSK tilskot:

1 Miljøtiltak i Skog:

- Skjøtselstiltak som tek vare på og utviklar miljøverdiar.

Prioriteringar:

- Økonomiske tak knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar.
- Område registrert i naturbase.

Tilskotsats:

- Miljøtiltak i Skog, miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og kulturminne – Intill 50 % tilskot. Kommunen bestemmer tilskotsats, prioriterer søknadar og løyvar tilskot (jf § 6 i NMSK forskrifta)

2 Skogkultur

Prioriteringar:

- Lovpålagt tilfredstillande forynging (i hovudsak gran) innan 3 år etter hogsten jf § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i lov om skogbruket.
- Ungskogpleie med sikte på kvalitetsproduksjon, i all ungskog uavhengig av treslag som høver til vaksestaden.
- Skøtselstiltak i skog i som ledd i eigeidomsverskridande samarbeid.

Tilskotssats:

- Nyplanting i Hogstfelt av gran – 30 % tilskot
- Nyplanting; skogreisningstiltak, treslagskifte til gran – 70 % tilskot
- Nyplanting- planting av lauvtre, for produksjon av kvalitetsvirke – 70 % tilskot
- Suppleringsplanting – 70 % tilskot
- Mekanisk etterarbeid 70 % tilskot
- Avstandsregulering – 70 % tilskot
- Flaterydding - 50 % tilskot
- Kunstig kvisting – 50 % tilskot
- Markberedning – 50 % tilskot
- Gjødsling fastmark – 25 % tilskot.

Vedlegg :

Rettleiande tilskotssatsar og kostnadsgrenser for bruk av NMSK midlar (skogkultur) 2017 Frå Fylkesmannen i Hordaland.

Hovudkode Tilskot Merknad

011 Gjødsling fastmark	25 % Førehandsgodkjenning av kommunen
100 Flaterydding	50 % Ved 1. gongs etablering av kulturskog. Førehandsgodkjenning av kommunen
101 Markberedning	50 % Over 10 daa krev godkjenning av kommunen
104 Felling nyttbart lauv	400 kr / daa Ved uttak av nyttbart lauvvirke
110 Plantekjøp – ordinær	50 % Skogreising / treslagsskifte
110 Plantekjøp – redusert	30 % Etter hogst av kulturskog
120 Plantearbeid – ordinær	50 % Skogreising / treslagsskifte
120 Plantearbeid – redusert	30 % Etter hogst av kulturskog
130 Suppleringsplanting	50 % Førehandsgodkjenning av kommunen
132 Mekanisk etterarbeid	80 % I hogstklasse I og II
133 Avstandsregulering	80 % I hogstklasse I og II
140 Underskot tynning	80 % Førehandsgodkjenning av kommunen
671 Skjøtsel miljø	50 % Førehandsgodkjenning av kommunen

Hovudkode Anbefalte maksimalkostnader

011 Gjødsling fastmark	200 kr / daa (flekvis) eller 400 kr / daa (flate)
100 Flaterydding	700 kr / daa
101 Markberedning	500 kr / daa
104 Felling nyttbart lauv	500 kr / daa
120 Plantearbeid	4,0 kr / stk.
130 Suppleringsplanting	4,0 kr / stk.
132 Mekanisk etterarbeid	700 kr / daa
133 Avstandsregulering	700 kr / daa